

| 2019/2760 Felles anleggspolitikk Vestland |   |  |   |
|---|---|--|---|
| Avsender                                  | Innspel   | Vurdering  | Tilråding   |
| Eid og Selje kommunar                     | <p>Eid og Selje kommunar meiner dokumentet er gjennomarbeidd og føreseieleg. Støttar opp under at anleggspolitikken må inngå som del av overordna satsing på lokal samfunnsutvikling, jf pkt 1.3 første avsnitt. Men sett i samanheng med punkt 3.1 vert sistnemde uklært. Dei meiner innovasjons- og/eller utviklingsfokus bør spissast og utdjupast og at fylkeskommunen ikkje berre kan ta, men faktisk skal ta ei samfunnsutviklarrolle. Dei støttar opp under visjonen om "Fysisk aktiv kvar dag" og delmål under pkt 3. Delmål for gode lokalsamfunn styrkar fylkeskommunen sin relevans. Dei understrekar at fylkeskommunale og kommunale mål som kan vere med å løyse lokale utfordringar er viktig. Dei har jobba mykje med stadutvikling i høve nye Stad kommune, og ser at skule, idrett og friluftsliv er viktig for innbyggjarane. Nærmiljøa er viktig, og fylkeskommunen sine eigne planar om stadsutvikling og senterstruktur bør av den grunn også støtte opp under fylkeskommunen sine eigne planar for anleggspolitikk som verkemiddel for utvikling av skule-, idrett- og bustadområde. Ønskjer eigen strategi for utvikling av fleirfunksjonsanlegg, der anlegga blir utvikla for å kunne ta i vare fellesfunksjonar for lokalsamfunnet. Ønskjer at fylkeskommunen er tydlege på forventningar til idrettsråda si rolle i anleggspolitikkinga og stille krav til idrettsråda sine styringsdokument. Ber fylkeskommunen vurdere behov for eige prosjekt for idrettsråda, med fokus på utforming av eigen politikk. Større kommunar vil kunne føre til trong for fleire store anlegg av same type i nokre kommunar. Ber om at dette ikkje vert avgjera i prioritering av spelemidlar (at anlegget allereie finnast i kommunen), men at det vert behovsprøvd og vurdert etter lokale prioriteringar.</p> | <p>Vurdere å omformulere første setning i kap 3.1. til Som innovativ samfunnsutviklar kan fylkeskommunane: osb. Denne formuleringa gjer rom for at fylkeskommunen kan gå inn i prosessar der det er trong for det. Rolla som samfunnsutviklar er allereie definert. Regionale planar for tettstadutvikling og senterstruktur kan nemnast i kap 1.3 for å sjå dei regionale planane i samanheng med utvikling av gode nærmiljø. Strategi for fleirfunksjonsanlegg - t.d. etter modell fra Lokale og anlægsfonden i Danmark. I kap 2.8 er idrettsrådet si rolle dekkja som del av idretten. På innspelsmøte for idrettsråda i SFJ vart det fremja forslag om at kommunane og idrettsråda må ha ein samarbeidsavtale, for å kunne få tildekt spelemidlar. Det var også sterkt fokus på fylkeskommunen og idrettskrinsen si rolle for å løfte fram verdien av lokale idrettsråd. Det kan vere fornuftig å belyse interkommunale anlegg i kommunar som slår seg saman der det vil vere behov for fleire kostandskrevjande anlegg som idrettshallar og symjebasseng på grunn av geografisk avgrensing og at retningslinjene stoppar for dette.</p> | <p>3.1: Tek ut velje å... 1.3: setning om regionale føringer. I 2.8 på slutten av avsnitt 3: Fylkeskommunen oppmodar om å utarbeide samarbeidsavtale mellom kommune og idrettsråd. Behovsvurdering er grunnstammen i god anleggspolitikk. Kommune og fylkeskommune vil få eit større ansvar for å kvalitetssikre at behovsvurderingane i framlegg til nye retningslinjer.</p> |
| Os og Fusa kommunar                       | <p>Os og Fusa meiner prosessen med anleggspolitikken har vore god og med brei involvering. Dei meiner innhaldet reflekterer på ein god måte arbeidet med feltet slik dei kjenner det, og at utkastet har teke i seg det beste frå begge fylka. Dei saknar omtale av moglege utfordringar knytt til kommunesamanslåing. Døme på spørsmål kan vere knytt til kven som skal gjer politisk vedtak av prioritering av spelemidlar?, nye eller gamle kommunestyre?, overgangar i kommuneplanar?. Ønskjer føringer for kommunale plandokument. Os og Fusa meiner dokumentet er ei god plattform å bygge vidare på for å få ein heilskapleg politikk på anleggsfeltet i nye Vlfk.</p>   | <p>Når det gjeld kommunesamanslåing vil det vere naturleg at det nye kommunestyret gjer politisk vedtak når det gjeld prioritering av spelemidlane. Her kan vi bruke erfaringar frå vår prosess for å rettleie kommunane i anleggspolitikken.</p>  | <p>Spørsmål rundt kommunesamanslåing vil ikkje bli teke med i dette dokumentet, då det ikkje direkte vedkjem fylket sin anleggspolitikk.</p>  |

|                |  |  |  |
|----------------|--|--|--|
| Bergen kommune | <p>Bergen kommune har følgjande innspel; 2.2: Aktivitetstala som vert nytta kan vere misvisande. Meiner statistikken ikkje er relevant knytt til utfordingane det er peika på. Føresler å finne kunnskapsgrunnlag på årsaken til lågare aktivitet. 2.4: Viktig med god oversikt og plan for rehabilitering. Kriterier kan t.d. vere tal på barn i området, eller levekårsutfordringar. 2.5: God drift og vedlikehald er viktig på alle nærmiljøanlegg. 2.6: Riktig nemning på ADO arena = ADO arena er eit hovudanlegg for symjing og stup. Anlegget er også vertskap for nasjonale og internasjonale stemmer/arrangement kvar tredje år. Byrådsavdelinga er ikkje einig i teksten om toppidrettsanlegg. Det er ikkje nødvendig å bygge eigne anlegg for at utøvarane skal kunne utvikle seg. 2.8: Meiner at Vlfk bør legge tilrette for digitale løysingar som t.d. "gode idrettsanlegg", der ein samlar løysingar som sikrar betre planlegging og gjennomføring av nye prosjekt. Fylkeskommunen bør ha ei rolle i å sikre at særleg små kommunar nytta slike verktøy meir aktivt. Vlfk bør også ha eit større ansvar for å tilrettelege for analyse. Døme frå Bergen og bruk av GIS for å sjå på busetnad i høve inntekt, barn, avstand til anlegg m.m. 3: Ønskjer å presisere delmål slik: Delmål 1: eit variert tilbod av anlegg bør i all hovudsak søkast løyst i folk sitt nærmiljø, men einskilde typer anlegg vil ikkje kunne vere innanfor korte avstandar/nærmiljøet, då desse er byovergripande. Delmål 2: det bør også planleggast aktivitetsareal/områder på sjukeheimar og helseinstitusjonar. Delmål 3: Bergen kommune vil ikkje nødvendigvis tilrettelege for topp internasjonalt nivå i alle idrettar. 4.4: Vlfk må forholde seg til statlege føringar og kommunane sine prioriteringar (som er politisk vedtatt) må følgjast. 4.5: Fylkeskommunen bør betale ut heile tildelinga same år for søker under 10 mill. og over to år for søker over 10 mill. Søknader med betydeleg høgare sum bør ha utbetalt godkjent sum over 3 år. Ved privat utbygging vert idretten belasta med rentekostnader dersom utbetalinga vert strekt over fleire år. 5: Tiltak 3: Byrådsavdelinga meiner Vlfk må fordele midlar etter retningslinjer frå kulturdepartementet. Fylkeskommunale ordningar kan ha eigne kriterier. Tiltak 9: Ønskjer at Bergen kommune vert nemnt som føregangskommune i fylket (gjerne med henvisning til "Handlingsplan for bruk og drift av kunstgress"). Byrådsavdelinga meiner vidare at det må konkretiserast korleis kommunane skal jobbe med behovsvurdering for å oppnå best mogleg anleggsdekning. Kartlegging av faktisk bruk er også viktig. Viktig å vurdere anlegg opp mot levetidskostanalyse, som samanliknar nybygg og rehabilitering.</p> | <p>Aktivitetstala er forkart i teksten. Statistikken viser at ungdom i Vestland fylkeskommune har større nedgang i aktivitet enn i landet elles (Folkehelseundersøkinga). AdO vert retta til Hovudanlegg. Mange toppidrettsutøvarar frå Bergen flytter derfrå for å få betre treningshøve. Då er det viktig at vi prøver å tilretteleggje der vi kan, for å halde utøvarar i dei største byane i fylket. Viktig at vi brukar dei verktøy/digitale verktøy som er nasjonalt. Symjeanlegg meinar fylket ikkje er meir byovergripande. Symjeanlegg er svært viktig i alle kommunar både for vaksne og i skulesamanheng. Hovudmålgruppa for spelemidlar er barn/ungdom 6-19 år, vi vel difor å ikkje ta med sjukeheimar og helseinstitusjonar i våre delmål. Når det gjeld utbetaling av spelemidlar, så skjer dette alltid ved same utbetaling dersom det ikkje er bedt om delutbetaling. Ønskjer ikkje regionalt program for basseng og idrettshallar. Tiltak 9 - vise til det som vert gjort i Hordaland - jf Bergen kommune og testbane Askøy kommune. Behovsvurdering - samarbeid med LOA-fonden i Danmark, kartlegging av faktisk bruk av anlegga.</p> | <p>2.2: Ta inn noko frå Folkehelseundersøkinga. 2.4 Lagt inn levekårsutfordringar. 2.6 Rette nemninga til AdO til hovudanlegg. 4.6, kulepunkt 1; Kommunale prioriteringssletter vert lagt til grunn ved tildeling. 2.4 og tiltak 9 i HP - vise til det som vert gjort i Hordaland - jf Bergen kommune og testbane Askøy kommune.</p> |
|----------------|--|--|--|

|   |   |  |  |
|---|---|--|--|
| Sogn og Fjordane idrettskrins og Hordaland idrettskrets | Vestland idrettskrins peikar på at den korte fristen har gjort det vanskeleg å få involvering fra særkretsane, slik dei ønsker i desse prosessane. Meiner det må prioriterast å redusere etterslepet og HIK vil arbeide for at det vert løvd midlar i statsbudsjettet for å oppnå dette. Gratis tilgang og planmessig vedlikehald er også eit satingsområde. HIK viser til godt samarbeid med fylkeskommunen om anleggsutvikling og prioritering av spelemidlar. Dei ønsker at idrettsråda skal inngå avtalar med kommunane som sikrar tilgang til anlegg på heilårsbasis. Vidare er det viktig at det vert vedteke førande prinsipp i kommunane om at det ved nye skulebygg, også vert bygd fleir brukshall og utandørs aktivetsområde. Samordna plassering vil gje store fordelar t.d. knytt til driftsutgifter. Vestland idrettskrins/meiner det må leggast vekt på dei kommunale prioritieringslistene ved tildeling av spelemidlar. Idrettsråda er involvert i prosessane og idretten sitt syn vert såleis ivaretakne. i kap 2.6 i avsnitt om storleik på hall, meiner dei at 25x45 meter bør vere utgangspunkt for alle kommunar, uansett storleik. Dette vil gje best grunnlag for aktivitet kvar dag heile veka, og vere ein samlingsplass. Dei ønsker ein meir offensiv haldning. Ønskjer også at det vert vurdert bygging av basishall knytt til nye idrettshallar. Viktig å bygge nye symjeanlegg etter behova til både skule og idretten. Dei vil jobbe for ein anleggsporfelje som sikrar eit godt idrettsleg mangfald, at ein kan utøve idrett på det nivå ein ønsker, både topp og breidde. Og at ein har anlegg som kan vere vertskap for store mesterskap. Dei meiner Bergen kommune bør "tilgodeses særskilt i spillemiddelfordelingen". Det vert vist til Hordaland si ordning med investeringstilskot som eit viktig bidrag til at regionen får anlegg som har regional og nasjonal verdi der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale mesterskap. Viktig for utviklinga til unge lovande toppidrettsutøvarar. Dei peikar vidare på at ei god utforming av anlegg er ein viktig føresetnad for å lukkast med å gjor idretten tilgjengelig for alle. Tilgjengeleghet kan vere ein barriere for menneske med ulike funksjonsnedsettigar. Det er viktig at alle anlegg føl krava om universell utforming, og at det vert teke med i alle ledd, t.d. tilskomst og lagring av utstyr. Vestland idrettskrets/krins stiller seg bak dei fem kriteria for tildelning i utkastet, og understrekar igjen viktigheten med å legge vekt på kommunal prioritering. Dei støttar også opp under fordeling 85% og 15%. Nærmiljøanlegg er ein god rekrutteringsarena og viktig for leik og eigenorganisert aktivitet. Innspel til handlingsprogrammet: Vestland idrettskrins/krins har ambisjon om å vere ein offensiv bidragsyta knytt til flere av tiltaksområda som er nemnt. Tiltak 7: naturleg at idrettsråd/idrettskrets er ein aktuell partner dersom det er snakk om anlegg som også vert nytta av idretten og/eller er finansiert av spelemidlane. | Tydeleggjering av 4.6 punkt 1 for å møtekomme innspel om å legge "avgjørende vekt på de kommunale prioritieringslistene ved tildeling av spillemidler". 2.6 Idrettshallar - vere tydeleg på at tilrådinga er å bygge idrettshall med aktivetsflate 25m*45m i kommunar som ikkje har hall for å møte eit framtidig anleggsbehov for organisert idrett og eigenorganiserte aktivitetar. Under symjebasseng vert det lagt til idretten sitt behov i tredje setning, og at det er viktig å få til eit god sambruk mellom opplæringsføremål og trening og konkurransar. Bergen kommune vert ivaretakne ved fordeling 70% soknadsmasse og 30% befolkning. Ordninga vert evaluert etter 2 år. 4.5 Krav om universell utforming er ein statleg føresethad for tildeling av spelemidlar. I 2.4 vert det inkludert ei setning om at det må sikrast at bruken av anlegga vert etter intensjonen og at alle har reell tilgang til anlegg og treningsstider. I ei note vert det vist til Bergen kommune sitt planmessige arbeid med å følgje dette opp. Det er positivt og viktig at Idrettskretsen vil vere involvert i arbeidet med å utvikle attraktive skuleområder for fysisk aktivitet på barne og ungdomsskular. | 4.6: Tydeleggjering av punkt. 2.6:<br>Tydeleggjering av tilråding under idrettshallar og synleggjering av behov under symjehallar. 2.4: Tek inn setning om sikring av bruk og tilgang. I ei note vert det vist til Bergen kommune sitt planmessige arbeid med å følgje dette opp. Tiltak 7 - Idrettskretsen ført opp som aktuell partner i å utvikle attraktive skuleområder for fysisk aktivitet på barne og ungdomsskular. |
| Nye Sogndal kommune                                     | Nye Sogndal kommune viser til auka soknadssum og tildele spelemidlar dei siste 6 åra gjennom godt samarbeid med fylkeskommunen. Dei er også svært positiv til prosjekta med klatreparkar og dagsturhytter i fylket. Dei viser til 5 punkt som byggjer under det gode samarbeidet. 1: Kompetanseheving for kommunane gjennom rådgjeving og fagsamlinger. 2: Felles prosjekt, som t.d. prosjektmodellar knytt til dagsturhytter, klatreparkar og teikn ditt skuleområde. 3: Kommunebesøk for å møte tilsette involvert i plan og utvikling i kommunane. Fylkeskommunen får tett kjennskap til kommunane sine planar, og legg godt grunnlag og motivasjon for oppfølging. 4: Samarbeid på tvers av fylkeskommune, kommune, frivillighet og næringsliv. T.d. samarbeidet med sparebankstiftinga har hatt gode resultat. 5: Regional plan, eit tydeleg regionalt planverk med oversikt over korleis ein kan forvente at fylkeskommunen vil prioritere innanfor fagfeltet. I tillegg har dei kommentarar til følgjande punkt: 4.2: Stiller seg bak fordelingsnøkkelen 85% til ordinære og 15% til nærmiljø. Positiv til minst eitt nærmiljøanlegg til kvar kommune. 4.3: meiner det er rett med overgangsordning for å betale ut etterslep av godkjente søknader. 4.5.3: Opplever dei statlege føringerane som noko utydelege og meiner punktet bør skrivast om av departementet.   | Finansieringsmodellen som omtalar samarbeid mellom det offentlege, frivilligheita og næringsliv er etter fylket sitt syn godt nok omtalt i teksten. Ønskjer tydeleg regionalt planverk, med ulike prioritieringsområder. Dokumentet tek grundig føre seg heile fagområde, og har tydelege tiltak i handlingsprogrammet i kap 5. Innspel som omhandlar statlege føringer vert notert i eige punkt.  | Tekst om statlege føringer og overgangsordning vert tydeleggjort   |
| Aurland kommune   | Innspel ikkje motteke   |  |  |

|                             |   |   |  |
|-----------------------------|---|---|--|
| Fjell kommune               | Fjell kommune meiner det er viktig at dei lokale behova avgjer kva anlegg som skal byggast. Kommunen i samråd med idretten/idrettsråd, friluftsråd/turlag må medverke aktivt i prioriteringa. Prioriteringa må forankrast i kommunale planar som gjer eit oversyn over behov - kva anlegg ein treng. Viser til dansk rapport over ledig hallkapasitet på opptil 40%. Det bør jobbast med å finne gode løysingar på dette, gjerne gjennom bruk av eksisterande anlegg. Ein bør då legge tilrette for meir bygging i større område i nye Vlfk. Viktig å legge tilrette for nyskapande anlegg for m.a. å auke eigenorganisert aktivitet. Fjell kommune peikar på utfordringar knytt til vedlikehald av nærmiljøanlegg, særleg med tanke på været på Vestlandet som fører til slitasje og trong for vedlikehald. Positiv til prioritering av friluftsliv, og peikar også på folk også ønskjer god tilkomst, som t.d. parkering, kollektivtilbod, sykkelvegar og gangvegar. Tiltak 13 og 14: Viktige tiltak som må sjåast i samanheng med utvikling av bynært friluftsliv, grøne og grå område. Koblingar mellom grønt og grått, snarvegar til jobb, skule, butikken eller heim. Kommunane har trong for digital registrering av turløyper for å auke tilgjengelegheta og som verktøy i planarbeid og anna sakshandsaming. | Tettare samarbeid kommune, idrettskrets, idrettsråd, friluftsråd/turlag i dialog med fylkeskommune vil vere fornødig for å få rett anlegg på rett stad. Kartlegging av bruk. Fylkeskommunen stiller seg positiv til å prioritere nyskapande anlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet. I handlingsprogrammet vil det komme ei ny fylkeskommunal tilskotsordning med tydelege retningslinjer, for å stimulere til satsing på denne typen anlegg. Jobbe for gode modellar for drift av anlegg er eit kommunalt ansvar. God tilkomst til anlegg er viktig, men ikkje noko som er dekkja av spelemidlane. | Fylkeskommunen føresett at dei lokale behova er grundig omtalt, og legg kommunale prioriteringssystemer til grunn ved tildeling av spelemidlar. 3.1: første setning omformulert til; "Som innovativ samfunnsutviklar bør fylkeskommunen...." Under punkt 2.4: Nyskapande aktivitesarena vert det supplert i forhold til behovsvurdering og metode for nytenking. Ny tilskotsordning i handlingsprogrammet. |
| Hordaland Seilkrets         | Kap 2.6 Anlegg for seilsport bør kome med i oppstillinga over anlegg som kan ta imot store nasjonale og internasjonale stemner. I Hordaland finnast 3 anlegg i denne kategorien: Bergen Seilforening i Kvitsospolen, Fana, RAN Seilforening i Angelvik på Lille Sotra og Askøy Seilforening i Kollevågen på Askøy. Ved store arrangement treng anlegga tilleggsareal, og her er Hordaland Seilkrets opptekne av gode avtalar om sambruk i dei ulike kommunane. Arrangementsstøtte vil vere aktuelt/nødvendig. Seilkretsen gjer også merksam på at alle dei 14 anlegga i fylket er opne for alle og vert m.a. nytta til fisking og bading.   | Det vert utarbeidd nytt punkt om seigsport under ordinære anlegg 2.6. Det er fleire anlegg i begge fylka som kan vere og har voe vertskap for store meisterskap.  | 2.6: Nytt punkt om seigsport   |
| Gloppen kommune             | Gloppen kommune meiner utkastet til fylkeskommunale kriterier for tildeling er godt. Dei er særleg positiv til at friluftsanlegg vert prioritert og at alle får minst eitt nærmiljøanlegg. Dette vil vere positivt for eigenorganisert aktivitet for alle aldersgrupper. Kommunen er også positiv til at kommunar med høg godkjent søknadssum vert prioritert, noko som vil motivere til gode søknadar i både små og større kommunar.   | Kommunen stiller seg positiv til innhaldet i politikken. Dei er positiv til at kommunar med høg søknadssum vert prioritert.   | Ingen innspel som endrar teksten   |
| Kolonne1                    | Kolonne3  |   |  |
| NFF Sogn og Fjordane        | NFF Sogn og Fjordane er opptekne av å vidareføre det tette samarbeidet mellom fylkeskommunen og idrettskrins/særkrins etter samanslåing. Erfaringa deira viser at dialog, samarbeid og fellesprosjekt har styrke anleggsutviklinga. Samspelet med eksterne aktørar har også vore ein suksess. NFF meiner det er viktig med velfungerande idrettsråd, og at prosjektrådgjeving og nærliek til klubb er viktig. Dette vil føre til gode søknader og gode prosesser. Treningshallar/storhallar, rehabilitering av kunstgras og lokker vil vere prioritert i nær framtid.   | Understrekar verdien av tverrsektorelt samarbeid og styrken i velfungerande idrettsråd.   | 2.8: Ny setning om idrettsråd.   |
| Årdal kommune og idrettsråd | Årdal kommune og Årdal idrettsråd ønskjer eit 10-årig handlingsprogram, både for nye anlegg og rehabilitering, med rullering kvart andre år. Positiv til å prioritere friluftslivsanlegg, noko kommunen sjølv ønskjer breiare satsing på. Ønskjer føreseilegle utbetalingar - følgje handlingsprogrammet. Ønskjer at det vert etablert eit enklare byråkrati for søknadsprosessen, med mindre dokumentbehov. Årdal kommune ønskjer at miljøaspektet skal vere førande for raskare utbetaling av spelemidlar.  | Kommunen ønskjer handlingsprogram over 10 år for føreseilegheit. Ønskjer også ei enklare søknadsordning.  | Klima og miljø vert supplert i punkt 2.4.  |
| Luster kommune              | Luster kommune har erfart at føreseilegle ordningar fungerer godt i høve planar, prioriteringar og økonomiske føresetnader. For store og kostnadskrevjande anlegg har eit kommunalt handlingsprogram med 4-årig prioritering meir tyding enn for små nærmiljøanlegg. Kommunen meiner at aktuelle anlegg bør innarbeidast i fylkeskommunalt handlingsprogram i Vlfk.   | Luster kommune ønskjer føreseilegle vilkår og 4-årig handlingsprogram anlegg.   | Ingen innspel som endrar teksten   |
| Bømlo kommune               | Bømlo kommune kjenner seg igjen i dei generelle utfordingane i dokumentet. Tiltak 3: Positiv til eigne midlar til spesialhallar og basseng. Tiltak 7: Viktig å utvikle skuleområda, som gjer attraktive lokalsamfunn, auke og utvida bruk for både organisert og eigenorganisert aktivitet. Tiltak 14: Viktig med samarbeid med friluftsråda for auka kompetanse knytt til sikring og drift av friluftsområda. Forslag til føresegner: Ønskjer eiga ordning for sherpatrappar og lågare minstekostnad til gapahukar.  | Der er ingen avgrensingar i retningslinjene for å godkjenne kostnader til sherpatrappar som del av tursti og der er heller ikkje avgrensingar etter endring i 2016 då gapahukar, vart inkludert i søknadsordninga der minste sats på kostnad er 75 000 kr. Innspel til statlege føresegner vert notert i eige punkt.  | Innspel til føresegner vert notert i eige punkt.   |

|                            |   |   |   |
|----------------------------|---|---|---|
| Vik kommune                | Vik kommune peikar på utfordringar knytt til geografiske avstandar som gjer det vanskeleg å tenke interkommunalt. Mange ungdomar bur vekke på hybel, og difor er det viktig med gode anlegg i regionssentra. Både fleir brukshallen og symjebassenget i kommunen treng snart rehabilitering, og det vert vist til at desse er spela inn til regional plan for Sogn og Fjordane. Vik kommune peikar på at anlegga er viktige møteplassar og at dei håpar ventetida på spelemidlar ikkje vert lengre i Vlfk   | Vik ønskjer satsing på anlegg i regionssentra der det er vidaregåande skular. Dei har eigne anlegg som er spelt inn til regional plan, og håpar ventetida vert kortare.   | Ta inn tekst om prioriterting av anlegg knytt til regionssenter og vidaregåande skular (1.3 siste setning)  |
| Gauldals kommune           | Fellesinnspeil, Sunnfjord kommune   |   |   |
| Etna kommune               | Etna kommune sluttar seg til utkastet utan særlege kommentarar  | Sluttar seg til utkastet.   | Ingen innspeil som endrar teksten   |
| Markane idrettslag         | Ser fram mot godt samarbeid. Ønskjer å vere ein aktiv aktør med spesielt fokus på skiskyting og langrenn. Ønskjer at Vlfk vil rekne Ullsheimanlegget som eit anlegg verd å satse på, jf tiltak 4. Og ta Markane IL og Stryn med i toppidrettsanlegg - særleg med tanke på skiskyting. Ta gode snøtilhøve med i vurderingane. Ønskjer årleg driftstilskot. Klubben har sjølv ønskje om vidareutvikling av både topp og breidde.  | Driftstilskot i dagens planverk for Sogn og Fjordane vert ikkje omtalt i anlegg- og tildelingspolitikken. Ordninga med driftstilskot til fire skianlegg er til vurdering i 2019. Toppidrettsanlegg er berre nemnd overordna og dei enkelte anlegga er ikkje omtalt.   | Ingen innspeil som endrar teksten.  |
| Bergen og Hordaland turlag | Anleggsutvikling viktig verkemiddel for å nå visjonen "fysisk aktiv kvar dag". Det er også areaalforvalting, byutvikling og næreliek til friluftsområder. Ønskjer at ein tek vare på naturleg og villmarksprega natur, samstundes som ein arbeider for å ha maks 500 meter til nærmeste turterring. A Forslag om å implementere friluftsliv i setning i starten av dokumentet: "Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv...". B Ønskjer å vise til nasjonale mål for friluftsliv i opningsavsnittet. Føresler å vise til retningslinene fra kulturdepartementet i opningskapitlet, samt å vise til dei to anleggstypane ein kan søkje om tilskot til. C BHT ønskjer også å sei noko om målgruppa/brukarane av politikkene i kap 1.1, konkretisere kven og korleis politikken kan nyttast. D Ønskjer vist til ny folkehelsemelding (av 5. april) som kjelde i kap 1.1, som viser til frivilligheit og friluftsliv som sentrale funksjonar i folkehelsearbeidet. Meldinga peikar vidare på å styrke friluftslivet sin posisjon i SFO og tek til ordet for aktivitetsetenlege bu- og nærmiljø. E Forslag til kap 1.3 at ein implementerer tekst frå Meld. St. 19 (2018-2019) som omtalar overføring av oppgåver innan friluftsliv fra nasjonalt til regionalt nivå (skjergardstenesta og statleg sikra friluftsområde). F I pkt 2.5 under "Nærmiljøanlegg" ønskjer BHT at det vert lista opp døme på anlegg som kan få tilskot frå spelemidlordninga. Det same gjeld for vsnitt om "Ordinære anlegg". Spør om aktivitetsbaserte og tiltak for universell utforming i samband med friluftsliv moglegheiter til å få spelemidlar? G Kommentarar til handlingsprogrammet: Ønskjer at Vlfk skal fremje areal med naturområder og verden av desse i planen, som ein viktig del av anlegget og verkeområdet til friluftslivet. Ønskjer at Vlfk tek initiativ til at turlaget får delta i kommunane sine prosessar i utarbeiding av planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Tiltak 8: Støttar tiltak om utvikling av dagsturhyttene til heile Vestland, men peikar på utfordringar knytt til drift og sanitæranlegg. Tiltak 10: Ønskjer at friluftsliv kjem tydlegare fram i punkt for kompetanse, og ønskjer langsiktig satsing på ferskingkurs for vgs. Tiltak 13: Ønskjer å ta med steintrapper særskilt i dette tiltaket, kostnadskrevjande - men med lang levetid | A 1.1. første avsnitt er eit sitat frå ein rapport frå KUD og teksten kan såleis ikkje endrast. B Nasjonale mål er samla under 1.2. I innleiinga er det valgt å ta ei meir generell tilnærming til anleggspolitikken då spelemidlane er eitt av mange verkemiddel for å nå mål som er sett for fagområdet. C Vert laga nytt fjerde avsnitt under 1.1. D Implementert i tredje avsnitt 1.2. E Implementert i andre avsnitt 1.3. F Utbyllande info om friluftslivsanlegg under nærmiljøanlegg 2.5 og nytt punkt om friluftsliv under ordinære anlegg 2.6. G Positivt av turlaget vil bidra i kommunale planprosessar og vil bli invitert med. Innspeil om dagsturhytter er viktige og blir tekne med i det vidare arbeidet. Utbygging av steintrapper kan ikkje finansierast under tiltaket friluftslivets ferdsselsårer (fokus på planarbeid.) Ferskingekurs i skulen er eit aktivitetstiltak som ikkje er omtala i denne planen. Innspelet vert teke med i arbeidet med i evt. utarbeiding av ny fylkesplan for kultur. | A 1.1: Ingen endring. B Ingen endring. C 1.1: Nytt avsnitt. D 1.2: Folkehelsemeldinga implementert i tredje avsnitt. E 1.3: Implementerer tekst om Skjergardstenesta m.m. i andre avsnitt. F 2.5: Utbyllande informasjon er lagt inn. 2.6: Nytt punkt om friluftsliv. G Ingen endring |

|                    |  |  |   |
|--------------------|--|--|---|
| Kvinnherad kommune | <p>Begeistra for eit framsynt dokument. Litt tvilande til kva det er ønskje om innspel på. T.d. vanskeleg å gje innspel på statuskapitta, men også her det er rom for diskusjon. Meiner tiltaka er gode for ein felles ny politikk. Meiner FN sine berekraftmål bør knytast tettare mot politikken. Anleggspolitikken må sjå heilskapleg på kva anlegg som kan skape aktivitet i folk sin kvar dag. Det kan vere skule, arbeid, institusjonar, uteområde, transport. Politikken må oppmøde kommunane til å sjå stort på kva anlegg som kan bidra til visjonen "Fysisk aktiv kvar dag". Anleggspolitikken bør spegle den negative drukningsstatistikken for dei to fylka, og fremje anlegg for å motverke dette. Dei spør seg vidare om det skal vurderast kva miljøkonsekvens/fotavtrykk ulike val av materiale, tenester, plassering og infrastruktur skal ha. oppmodar til å ha eit eige underkapittel om etiske retningslinjer, jf berekraftmål knytt til dette. Ønskjer styrka kompetanse knytt til behovsvurdering, som i stor grad er sjølv grunnstamma i anleggsutviklinga, men ofte fell på kommunen/sakshandsamar aleine. Idrettsrådet og kommunen meir systematisk arbeid innan dette, etter modell frå Danmark. Ønskjer også eit rådgjevande organ knytt til dei ulike prosjekta - gjerne nasjonalt - etter modell frå Lokale og anleggsfonden i Danmark. Idrettsrådet vil også gjerne ha eit fond/finansiering i påvente av mva-refusjon og spelemidlar. Låneopptak vert kostbart for idrettslag og organisasjonane.</p> | <p>Mange kommunar har eigne fond der dei forskotrar spelemidlar, dette er ikkje noko som fylkeskommunen kan gjøre. Symjeanlegg er viktig både for skulebruksplan og for vaksne. Det er eiga tilskotsordning for dei kommunane som ikkje har idrettshall og/eller symjeanlegg. Vestland fylkeskommune bør vurdere å utforme eit sett med tilrådingar for korleis anlegg tek omsyn til klima og miljøspørsmål. Behovsvurdering er eit område som fylkeskommunen vil auka kunniskapen, mellom anna med hjelp frå LOA i Danmark. Når det gjeld rådgjevande organ knytt til ulike prosjekt må ein i dag nytte kompetansen i dei einskilde særforbund. Framlegg til endringar i retningslinjer frå KUD omtalar behovsvurdering som grunnstammen i anleggsutvikling. Kommune og fylkeskommune vil få eit større ansvar for å kvalitetssikre at behovsvurderingane er gjort grundig nok.</p> | <p>Klima og miljø vert supplert i punkt 2.4. Under punkt 2.4/Nyskapande aktivitesarena vert det supplert i forhold til behovsvurdering og metode for nytenking. Ny tilskotsordning i handlingsprogrammet.</p>   |
| Stord kommune      | <p>pkt 4.2 vanskeleg å sjå konsekvensane av prosentdelinga. Har vore om lag 50% på nærmiljø i Hordaland. Lengre ventetid enn to år vil føre til frustrasjon blant søkjane. Pkt 4.3 Ei føremon med eiga ordning for spesialanlegg/hallar. Eigen erfaring med utfordring rundt regionsanlegg. Meiner det er strengt at anlegg må kunne arrangere NM. Regionsanlegg for vinteraktivitet for is på Stord er døme på anlegg som på denne måten fell utanfor. Pkt 4.6 Viser til idrettspresidenten sin uttale om at restanselista på spelemidlar må salderast via statsbudsjettet. Meiner 3 års venting er for lenge og at ein bør ha som mål å ha maks 2 års ventetid. Ønskjer også et Vlfk skal jobbe for betre løysingar knytt til sherpatrapper og gapahukar i spelemiddeldelinga.</p>   | <p>50% av omsøkte nærmiljøanlegg tilsvasar ca 13% av totalt tildelt beløp. Per i dag i Hordaland sjeldan ventetid på meir enn 2 år på nærmiljøanlegg. Anlegg med regional verdi treng ikkje arrangere NM, dette gjeld berre ved Hordaland fylkeskommune si eiga tilskotsordning: Investeringstilskot. Innspel om større tilskot til sherpatrapper har vore fremma ved innspel til KUD sine føresegner.</p>   | <p>Ingen innspel som endrar teksten</p>   |
| Sunnfjord kommune  | <p>Viktig at anleggspolitikken tek omsyn til demografi, aktivitetsprofil og anleggsstatus. Ønskjer ein aktiv idrettsadministrasjon i Vlfk, som skapar handlingsrom og nyttar fleksibiliteten i lovverket for å finne gode løysingar. Målretta jobbing for å inspirere til aktivitet gjennom nyskapande aktivitets- og anleggsutvikling. Peikar på det gode samarbeidet i kreative prosesser og knytt til kompetanseheving og bistand med hjelp til finansiering. Dei håpar denne type samarbeid vil bli vidareført. Ønskjer difor endring i formulering i pkt 3.1. frå kan velje, til må jobbe på alle tre felta som er nemnt. Dei er positiv til satsing på friluftsliv, men saknar dei gode intensjonane i delmål for anlegg i kap. 3. Ønskjer å utfordre Vlfk på å ta universell tilrettelegging av friluftsområde med i pkt. 1 under delmåla i kap. 3. Ønskjer eit større fokus på rehabilitering og fornying av eksisterande anlegg, og ser fram til eit forslag på korleis søknader som tek omsyn til klima og miljø vil verte prioritert. Støttar forslag om prosentvis fordeling i overgangsordning. Positiv til at alle får minst eitt nærmiljøanlegg. Meiner at ei prioritering av kommunar med høg søknadssum og fordeling etter 70/30-modellen, vil store kommunar få mest midlar til ordinære anlegg, medan dei små kjem bak i køen. Dette kan slå skeivt ut for små kommunar. Støttar intensjonen i pkt. 5 (3-årsregelen) - dette vil gje økonomisk føreseielege råmer for søkjær.</p>                                 | <p>Det er krav til universell utforming ved etablering av anlegg og all anleggsutvikling må ta omsyn til føringer i PBL (Plan og bygningslova).</p>  | <p>3.1: Fjerner velje å og endra kan fylkeskommunen til vil fylkeskommunen. 1.3: setning om regionale føringer. Miljø og klima vert supplert i punkt 2.4. Under punkt 2.4: Nyskapande aktivitesarena vert det supplert i forhold til behovsvurdering og metode for nytenking. Ny tilskotsordning i handlingsprogrammet.</p> |

|   |   |  |  |
|---|---|--|--|
| Radøy - Lindås - Meland - Alver kommune | <p>Alver kommune stiller seg positiv til prinsippa for Vlfk si rolle og delmåla for anlegg. Dei meiner ein bør vurdere å auke prosentdelen for nærmiljøanlegg for å få eit breiare tilbod. Dei ser at det kan vere positive effektar ved regional stimulering og utviklingsstøtte til kostnadskrevjande anlegg, men er avventande i høve kva rolle dette vil kunne ha for spelemiddelnøkkelen, der dei understrekar det sentrale i at kommunane si prioritering må vere gjeldande. Fylkeskommunen er ein viktig samspelspartner i kommunal planlegging og fokus på kompetanseutvikling og ei tydleg rolle i anleggsutviklinga vil ivareta regionale samanhengar ved anleggsutviklinga gjennom tett samarbeid og tydlege kriterier for tildeling (t.d. regionsenterutvikling). Støttar opp under dei fylkeskommunale prioriteringane, som sikrar ein anleggspolitikk som er føreseieleg, oppdatert og utviklande med omsyn til lokale prioriteringar, satsing på nærmiljø og friluftsliv. Understrekar at i punkt 4.6.1 er formuleringa litt uklår - Alver tek utgangspunkt i at det meinast at ein vil følge kommunal prioritering. Ser fram til satsing på dagsturhytter og oppstart av Friluftslivsferdselsrårer. Differensiering av tilbod er viktig, tiltak er viktig - som t.d. utlånsordningar. I tillegg vil kunnskapstransfert, medverknad og nyskapande arenaer vere gode måtar å møte utfordringar på. Utvikling av skuleområda, bygging av nye anlegg kan sjåast i samanheng med viktige samfunnsprosjekt og satsing på sambruk på tvers av skule, kultur, idrett og fritid. Fylkeskommunen kan ta eit ansvar for å inkludere vgs i denne utviklinga. Positiv til at Vlfk tek ei utviklarrolle knytt til miljø og klima. Understrekar at det er viktig å satse på utvikling av nærturterren og grøne lenger. Peikar på den årlege dialogkonferansen som ein viktig møteplass med høg verdi for kommunane. Ønskjer at visjonen skal vere Aktiv kvar dag, då ordet fysisk kan avgrense bruksområdet for ein visjon som også har lokal verdi.</p> | <p>Når det er fordelt 50% til nærmiljøanlegg til alle kommunar i Hordaland utgjer det 13% av totalt tildelte spelemidlar. 4.6 pkt 1 blir skrive om så det er litt meir tydeleg at vi vil stort sett følgje kommunal prioritering. Ønskjer at kommunen si prioritering skal gjelde framfor eige program. Som fylkeskommune ynskjer vi ikkje å leggje opp til eigne tilskotsordningar for særskilde aldersgrupper. I spelemiddelordninga har innovative anlegg ungdom i alderen 13-19 år som målgruppe. Vgs viktig å inkludere i utvikling av anlegg knytt til skule. Kan tydleggjere i teksten. Fokus på viktige møteplassar kan understrekast. Visjonen vil bli vurdert i samband med eventuelt utvikling av ny regional plan.</p> | <p>4.6.1: Omformulert for å klargjere. 2.4: Ny setning i avsnitt om skuleområde.</p>   |
| Austrheim kommune                       | <p>Ønskjer seg ei spelemiddelordning med kortare "levetid" enn nærmiljøanlegg der ein kan søke om 50-100.000, til endring av aktivitetsflate - med levetid 5 år. Dei skisserer døme på ei slik ny ordning i sitt innspel. Dei er positiv til minst eitt nærmiljanlegg til kvar kommune.</p>   | <p>Fylkeskommunen har gjeve innspel til KUD i samband med revidering av retningslinjene om deler av spelemidlane kan nyttast til ordning tilsvarannde "mindre kostnadskrevjande anlegg", der fylkeskommunen kan lyse ut ei ordning med fortløpende tildeling.</p>  | <p><i>Ny setning under kap. 1.3 avsnitt 2; Føresegne er under revisjon</i></p>   |
| Fylkeseldrerådet i Hordaland            | <p>Fylkeseldrerådet sluttar seg i stor grad til innhaldet i politikken, og understrekar at det er viktig med fokus på nærmiljø for deira målgruppe. Til kap 4.6 vert det merka at det er positivt med tilskot til minimum eitt nærmiljøanlegg og prioritering av friluftsliv. Dei sluttar seg til formulering av felles visjon. Dei sluttar seg til handlingsprogrammet generelt, men har følgjande kommentarar/innspel til endring: Tiltak 2: synleggjere tiltak tilpassa eldre. Tiltak 3: endre frå vriderast å oppretta til det skal oppretta... understrekar viktigheten av basseng både for unge og eldre. Tiltak 7: godt tiltak som bør vidareførast og vere opne for alle etter skuletid. Tiltak 8: Svært positiv til dagsturhytteprosjektet. Tiltak 10, 11 og 12: Fylkeseldrerådet er nøgd med at kompetanse og kvalitetsoppfølging er prioritert inn i programmet.</p>   | <p>Fylkesrådet ynskjer at det vert arbeidd vidare med eit regionalt handlingsprogram for anlegg, satsing på basseng som viktig anlegg for både barn og eldre (symjeopplæring og varmtvannstrenging). Støttar fylkeskommunalt investeringstilskot til kommunar utan idrettshallar og symjehallar. Tiltak 2: Her legg vi inn endringar i teksten både under tiltaket. Tiltak 3: Dette vil dei to fylkeskommunane diskutere og komme attende til.</p>   | <p>Tiltak 2: Lagt inn nye aktuelle partnarar. Tiltak 3: ingen endring på teksten.</p>  |
| Sveio kommune                           | <p>Sveio kommune støttar opp under anleggspolitikken generelt. Følgjande kommentarar: kap 2.2: Det er viktig å prioritere dei som fell utanfor av økonomiske eller andre grunnar. Anlegg og aktivitet må tilpassast og tilretteleggast. Satsing på skuleområde, opne og gratis anlegg vil vere viktig. Kap 4.2 Meiner 15% til nærmiljøanlegg kan vere noko lågt sett i samanheng med satsingsområda på nærmiljø. Føresler endring i fordeling auke til nærmiljøanlegg på 5%, og tilsvarannde reduksjon i fordeling til ordinære anlegg. Ville ideelt sett haft open søknadsfrist for nærmiljøanlegg. Dei viser til eit evt program for basseng og idrettshallar og bed om at det i så høve vert vurdert korleis ein skal handtere søknader om tilskot til prosjekt der prosessane er igang. Kap 5: Tiltak 9: Det er ønskjeleg med felles tilråding for kommunane for omlegging av eksisterande anlegg og bygging av nye.</p>  | <p>Alle vgs bør ha gratis bruk av idrettshallar/gymsalar - det jobbar fylkeskommunen med og er omtala i kap 2.4 om skuleområde. 4.2: Det er erfaringsmessig ikkje trøng for høgare fordeling til nærmiljøanlegg, basert på tidlegare tildelingar. Eiga ordning for nærmiljøanlegg (tilsvarannde "mindre kostnadskrevjande anlegg") med fortløpande søknadsfrist er spelt inn til KUD i samband med endring av føresegne. Når det gjeld kunstgrasbanar vil fylkeskommunen tilgjengeleggjere dokumentasjon.</p>  | <p>Nytt kap/avsnitt med innspel til endringar i føresegne i pkt. 1.3. 4.2: Innspel om høgare prosentdel vert ikkje implementert.</p> |

|                                   |  |  |   |
|-----------------------------------|--|--|---|
| Stryn kommune                     | Viser til Markane IL og Veten IL som driv store anlegg for skiskyting, langrenn og hopp, og har motteke tilskot til drift frå fylkeskommunen. Konkrete innspel om å vidareføre og auke årleg driftstilskot til store og kostnadskrevjande anlegg som Ullsheim og Bjørkelibakken. Stryn Vinterski inn i plan for prioriterte anlegg for søknad om spelemidlar til alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 m eller meir. Dei meiner at andel spelemidlar til nærmiljøanlegg bør aukast og bli høgt prioritert, for å leve opp til visjonen Fysisk aktiv kvar dag. Ny tilskotsordning for nyskapande og kreative anlegg for ungdom bør vurderast. | Driftstilskot i dagens planverk for Sogn og Fjordane vert ikkje omtalt i anlegg- og tildelingspolitikken. Ordninga med driftstilskot til fire skianlegg er til vurdering i 2019. Toppidrettsanlegg er berre nemnd overordna og dei enkelte anlegga er ikkje omtalt. Fylkeskommunen stiller seg positive til å prioritere nyskapande anlegg m.a. for eigenorganisert aktivitet. Det vert foreslått å opprette ein ny tilskotsordning i handlingsprogrammet for å stimulere til satsing på denne typen anlegg. | Supplerande tekster om nyskapande anlegg under pkt. 2.4 og nytt tiltak 15 i handlingsprogram, nyskapande anlegg.    |
| HAFS Regionråd                    | Regionrådet meiner at eit handlingsprogram for anlegg over eit visst kostnadsnivå kan skape meir føreseielege rammer for kommunane, som då kan få fastsatt tildelingspunkt i god tid. Dei støttar opp om minimum eitt nærmiljøanlegg og at friluftsliv vert prioritert. Tiltak 14 bør utvidast og konkretiserast med investeringar i korteist friluftsliv, som t.d. naturmøteplassar, gapahukar, sentrumsnære turstiar, lyssetting og gang- og sykkelstiar. Regionrådet meiner at 70/30-modellen bør følgjast nøyne og vurderast opp mot gjennomsnittleg historisk tildelingsnivå til kommunane.   | Kommunane i HAFS ønskjer føreseielege vilkår og at handlingsprogram anlegg skapar dette. 70/30-modellen vert fjerna frå teksten. Det vert lagt til presisering i merknadsfeltet under tiltak 14 om føringar om at tiltak må vere forankra i godkjent forvaltningsplan.   | 4.6. 70/30-modellen vert fjerna frå teksten. Lagt til presisering i merknadsfeltet under tiltak 14.                 |
| Masfjorden kommune / idrettsrådet | Idrettsrådet oppmodar til å sjå på hallbehovet i grensekomunane, og evt realisere noko som interkommunale anlegg. Det vert lista opp ulike anlegg som idrettsrådet meiner det er trong for i kommunen/regionen.  | Følgje opp med eige fylkeskommunalt tilskot til dei kommunar som ikkje har idrettshall. Fylkeskommunen arbeider for at KUD held fram med ordninga med ekstra tilskot til interkommunal anlegg.   | Innspel dekkja i eksisterande dokument.   |
| Askøy kommune                     | Askøy kommune ønskjer å minne om JR NM i friidrett i 2020 på Ravnanger idrettspark. Kommunen stiller seg positiv til kap. 4.2, 4.3, 4.4 og 4.5. Er vidare positiv til eitt nærmiljøanlegg til kvar kommune. Meiner 4.6.4 er bra og fører til omsyn til behov basert på folketal. I punkt 4.6.5 meiner dei at 3 års ventetid er noko defensivt og at kommunane sine prioriteringar skal følgjast. Det bør jobbast regionalt for å få ned ventetida. Støttar ny formulering av visjon. Meiner tiltak 6 ligg i NIF sine oppgåver og ikkje er fylkeskommunal oppgåve.  | På Ravnanger idrettspark skal det arrangerast junior NM i 2020. Punkt 4.6.5: Dersom ein ser at søkerlistene året før tilseier at ein kan ta ned frå 3 til 2 år vil fylket gjøre det. Fylket tek utgangspunkt i dei kommunale prioriteringssistene ved tildeling. Dette betyr at ein i all hovudsak følger den prioriteringa kommunane har gjort, men kan gjøre endringar dersom det er grunnlag for det. Tiltak 6: Behov for lik praksis i regionen:   | Pkt 2.6 Vert ikkje endra då nasjonale og internasjonale seniorarrangement er det som vert nemnd i dette dokumentet. |

Cell: C28

Comment: Siste setning fjernes  
◦-Bjørg Larsen